


DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin biskop



Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen
Pb. 8030 Dep.
0030 OSLO

Dato: 27.01.2004

Vår ref.: 03/186-2 TOS

Dykkar ref.:

Høring - Nytt kyrkjebokregister for Den norske kyrkja.

Biskopen i Bjørgvin sluttar seg til prosjektgruppa sine hovudkonklusjonar og er samd i at det bør etablerast eit nytt felles medlems- og kyrkjebokregister i samsvar med alternativ 3. teknologisk vidareutvikling, og at Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet skal ha ansvar for drifta. Me ser heilt klart nytta av å ha eit felles register, noko som vil gjere både føring og oppslag mykje enklare enn i dag og vil gjera trongen for å bygga opp lokale register mindre.

I Bjørgvin reknar me med at alle kyrkjekontor alt har tilknytning til internett, eller vil få det i næraste framtid, sjølv om kvaliteten på overføringar og epost varierar. Difor vil tilknytning via internett vera mest praktisk dersom tryggleiken vert god nok. Systemet bør byggast opp slik at det ikkje stiller høge krav til datautstyr på kyrkjekontoret, men kan fungera med datalinje via modem, slik at fellesråda ikkje må oppgradera sitt utstyr for dette.

Når det gjeld programvare ser prosjektgruppa for seg to løysingar. Anten at den lokale brukar loggar seg på og arbeidar på Kyrkjerådet sin server eller at ein har programvare på det einskilde kyrkjekontor som sender og tar imot pakkar med informasjon. Den siste løysinga er bør vurderast ut frå lokalkyrkjelyden sin trong for å ha lokale register og databasar over t.d. born i dåpsopplæringsfasane og konfirmantar. Mange fellesråd har i dag dataverktøy som Kardinal eller Duplo data og det vil vera ein føremon om desse kan brukast vidare, eventuelt oppgraderast til å vera grensesnitt mot registeret. Det vil og redusera opplæringskostnadane.

Det er viktig at kyrkjebokregisteret vert laga slik at det er til størst mogeleg støtte for det lokale kyrkjelydsarbeidet, særleg med tanke på at trusopplæringsreforma vil gjera trongen for lokale register og databasar over medlemmer større.

Dette registeret må byggast opp slik at det er mogeleg å ha førebels databasar lokalt før dei kyrkjelege handlingane har funne stad. Der er ynskjeleg å kunna registrera alle opplysningar og skriva ut attestar før den kyrkjelege handlinga har funne stad, t.d. ved dåp og ved vigsel, sjølv om attestar i prinsippet er utskrift av kyrkjeboka. Så kan endeleg registrering finna stad når handlinga er utført. Kanskje kan ein foreta registreringa, med ei slag innlagt "karantenetid" til etter at handlinga har funne stad før den vert lagra endeleg i systemet.

Dei fleste kyrkjelydar har ein elektronisk database over konfirmantar før konfirmantåret byrjar. Det må vera mogeleg å overføra opplysningar frå denne databasen til kyrkjebokregisteret slik at ein unngår omfattande dobbelføring.

Når det gjeld økonomien bør alle utgiftene til det sentrale registeret dekkjast med løyving over statsbudsjettet. Det same gjeld oppstartkostnadane med programvare til kyrkjelydane. Å leggja brukaravgift den lokale kyrkja er unødig byråkratisk. Prosjektet bør ikkje vere avhengige av økonomien i det enkelte fellelråd. Difor bør startkostnadane til programvare og nye stempel til attestar m.m. verta dekkja sentralt medan ein bruka eksisterande lokal maskinvare. God opplæring er viktig for at det skal fungera godt, sjølv om det bør vera så enkelt å bruka at det ikkje vert vesentlege opplæringskostnader. Eventuelle innsparingar i arbeidstid og pengar bør koma lokalkyrkjelyden til gode.

Kva opplysningar som skal registrerast

Dåp

I prinsippet treng ein her berre leggja inn dåpsdato og fadrar, men når dåp vert meld har ein vanlegvis personnummeret til barnet, men mange foreldre har ikkje returnert namneskjemaet til folkeregisteret i tide til at det ligg inne. Dersom ein skal skriva ut ein attest frå registeret kjem det ikkje meir ut enn det som ligg inne. Den enkle løysinga er å la brukaren overstyre namnerubrikken før utskrift av attest.

Opplysningar om mor og far er vere nyttig informasjon med tanke på trusopplæringsreforma, og bør vere mogleg for presten å få ut av systemet. Dessutan bør foreldres namn stå på dåpsattesten for umyndige.

Det bør som no vera registrert i dåpsregisteret at ein person er utmeld, difor bør merknadsrubrikken behaldast. I dag vert han m.a. brukt til å seie kva kyrkje ein er døypt i, særleg i sokn er det fleire kyrkjer.

Konfirmasjon

Det bør halda å legge inn konfirmasjonsdag, sidan dåpsopplysningar alt ligg inne. I ein overgangsperiode bør ein likevel sørja for at dåpsdag og stad vert registrert for alle som vert konfirmerte.

Vigsel

Vigselsdato og namn bør vera nok. Sidan registeret skal koblast til folkeregisteret vil namneendring bli oppdatert, men det må sikrast at namn på vigselsdagen vert registrert, sjølv om namneendring ikkje lenger skjer ved vigsel, ofte skjer namneendring i dagane rundt vigselen. Vigselsstad bør og registrerast.

Gravferd

Her er det tenkt å registrere dato for gravferda, men med tanke på å henta opp opplysningar t.d. til sørgemarkeringar eller vitjingar, vil det nok vera aktuelt at dødsdag er registrert. Merknads rubrikken er her vidareført og burde dekke restrerande behov for kva kyrkje/kapell vedkomande er gravlagt frå og kva kyrkjegard vedkomande er gravlagd på etc.

Ansvar for kyrkjebokføringa

Sjølv om prestane har ansvaret for kyrkjebokføringa er det allereide no dei fleste stader fellelrådstilsette som fører kyrkjebøkene, så det vil ikkje bli nokon praktisk skilnad at fellelrådet få ansvaret for føringa. Likevel må ikkje ansvaret takast heilt frå prestane.

Det må understrekast at presten som utfører den kyrkjelege handlinga også har ansvar for at dei rette opplysningane vert registrert, sjølv om presten ikkje lenger har ansvar for sjølve registreringa på data. Prestane må ha fullt tilgjenge til registeret.

Fellesråda vil etter forslaget også få ansvar for kyrkjebokføring for institusjonar som ligg i soknet. Praksis har vist at det er få kyrkjelege handlingar som vert registrert, så dette skulle ikkje medføra noko særleg meirarbeid, men bør takast med i tidsrekneskapen for store sokn.


Bruk av registeret

Ein må i alle tilfelle sikrast same tilgang som ein har i dag til opplysningar i eige sokn. Opplysningar om medlemmer i andre sokn må vere så tilgjengeleg som mogleg, balansert mot omsynet til at meir tilgang gjev større risiko for data på avvegar. Det er først og fremst når det ved kyrkjelege handlingar er involvert medlemmar frå andre sokn at eit nytt felles register vil gje ein gevinst og gjere arbeidet lettare. Det er fornuftig med eit system med gradert tilgjenge til registeret. Og det bør vera mogeleg å få utskrift som dokumenterer kva opplysningar som er registrert.


Sjømannskyrkja

I dag er det eit problem at norske statsborgarar som vert døypt i sjømannskyrkjer i utlandet ikkje vert registrerte som medlemmer i det sentrale medlemsregisteret. Dette vil lett kunne løysast dersom dei og vert knytt til eit nytt kyrkjebokregister som kan brukast via internett.

Med helsing



Ole D. Hagesæther
biskop



Tore Skjæveland
seksjonsleiar
Dir. innval: 55 30 64 93